



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

Volda 13. april 2012

**Høyringsfråsegn til «Forslag til forskrift om rammeplanen for barnehagelærerutdanning»  
frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret)**

Vi har konsentrert oss om å kommentere skildringa av læringsutbytte i utdanninga formulert i § 2. Vi har sett spesielt på det punktet under «Generell kompetanse» som handlar om norskkompetansen til studentane. Departementet har gjort ei justering som vi meiner er uheldig. Ein har teke bort omgrepa nynorsk og bokmål frå forslaget vedteke av rammeplanutvalet:

**Forslag til forskrift vedtatt av rammeplanutvalget 27.9.2011:**

**Generell kompetanse**

Kandidaten:

- Mestrer norsk muntlig og skriftlig, **både bokmål og nynorsk**, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng [vår utheving]

**Utkast til forslag om forskrift om rammeplan for bachelor barnehagelærerutdanning:**

**Generell kompetanse**

Kandidaten:

- Kan formidle sentralt fagstoff muntlig og skriftlig og mestrer norsk på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng

Vi meiner at det er uheldig at ein har teke bort presiseringa «nynorsk og bokmål». For det første meiner vi at departementet her bryt med eit prinsipp i *Stortingsmelding nr. 35 (2007–2008) Mål og mening*. Her står det at det i den offentlege språkpolitikken blir bygd inn som eit prinsipp at nynorsk «i utgangspunktet alltid høyrer med der norsk språk blir tematisert eller brukt. Det betyr at det for alle offentlege tiltak og all politikktutforming med eit språkleg aspekt skal vurderast eksplisitt korleis dette kan utformast slik at ein også tek omsyn til nynorsk og dei behov som også nynorskbrukarane har. Prinsippet må forankrast som ein del av ein sektorovergripande språkpolitikk slik at ikkje vurderinga av nynorskperspektivet blir oversett og utegløymt. Eit slik prinsipp inneber at det normale vil vera at nynorsk alltid blir rekna med, og at det må grunnjevast særskilt når den nynorske sida av saka ikkje er relevant.» (s. 210). Slik vi vurderer det, er dette ein typisk situasjon der nynorsk må nemnast spesielt, for å unngå at nynorskperspektivet blir oversett og utegløymt.

For det andre meiner vi at dette er ei endring av substansen i læringsutbytteskildringa. Det viktig å synleggjere at studentar som skal ta dette studiet skal kunne formidle fagstoff på begge målformer. I tillegg skal dei kunne bruke begge målformer i profesjonssamanheng, ikkje minst i samband med formidling av barnelitterære tekstar. Vi vil i denne samanhengen nemne kva *Temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen* (Høigård, Mjør og Hoel, Kunnskapsdepartementet 2009) seier om nynorsk i barnehagen:

«Språk som ikkje er majoritetsspråk, kan vere sårbare, fordi dei er mindre i bruk, og fordi brukarane kan oppleve at dei møter negative haldningar. Barnehagen si oppgåve er

å vere positiv til alt språkleg mangfald og å arbeide for at barn kan utvikle eit positivt forhold til sitt eige språk. [...] Nynorsk er eit mindretalsspråk. Alle barn møter nynorsk i skolen, dei bør også få kjennskap til nynorsk i barnehagen. Det får dei når dei *høyrer* nynorsk, derfor er det viktig med song, høgtlesing og lydbøker på nynorsk. Vaksne høgtlesarar kan kjenne seg usikre dersom dei er lite vane med å lese nynorsk, men erfaring og motivasjon kan endre dette.» (s. 10)

## **Forslag**

Vi vil føreslå at ein tek inn igjen omgrepa «nynorsk og bokmål», og ser for oss at det kan gjerast ved følgjande justering av utkastet frå Kunnskapsdepartementet:

## **Generell kompetanse**

### **Kandidaten:**

- **Kan formidle sentralt fagstoff muntlig og skriftlig, på bokmål og nynorsk, og mestrer norsk på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng**



Torgeir Dimmen  
leiar for Nynorsksenteret